



Sunnfjord
kommune

IDRETT, FYSISK AKTIVITET OG FRILUFTSLIV

Vedlegg - Kommunal plan for kultur, frivillighet og inkludering



Innhold

Spelemidler	3
Idrett og friluftsanlegg	3
Drift av kommunale idrett- og friluftsanlegg	3
Anleggsstrategi.....	4
Prinsipp for prioritering	4
Forhold mellom idretten og kommunen.....	5
Kjelder	5
Handlingsdel	5

Spelemidlar

Det er i «Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet -2024» ein føresetnad at anlegget eller tiltaket det blir søkt om tilskot til, inngår i ein vedteken kommunal plan. Eit viktig mål for kommunal plan for idrett- og fysisk aktivitet er at den skal danne eit grunnlag for å kunne prioritere og å søkje spelemidlar til idrett- og friluftsanlegg.

Oppdater informasjon for å søke spelemidlar finn dykk på kommunen sine [heimesider](#) og informasjon om anlegg og føresegner med meir finn dykk på <https://www.anleggsregisteret.no/>.

Sjå elles også [årshjulet](#) for spelemidlar i Sunnfjord.

Idrett og friluftsanlegg

Det er viktig å kartlegge både anlegg og behov, og styre utviklinga godt i høve plassering av nye anlegg. Det krevst mykje resursar for å drifte og vedlikehalde anlegga på ein god måte og det er viktig at bygging av nye anlegg står i forhold til behovet og kapasiteten for å ivareta dei på ein god måte. Det er vidare aktuelt å vurdere nye typar anlegg som særskild er retta mot uorganisert aktivitet, og som samstundes legg opp til å vere gode sosiale møtestader.

Oversikt over turforslag og kommunale friluftsanlegg finn dykk [her](#) Kommunen manglar god oversikt over kva typar anlegg som finst i kommunen, kva stand dei er i og bruken av desse. Utarbeiding av dette vil hjelpe oss å behovsvurdere og prioritere ved søknad om rehabilitering og nye anlegg.

Drift av kommunale idrett- og friluftsanlegg

Sunnfjord kommune har 7 **idrettshallar** for fleiridrettar og fotball, i tillegg er det klatrehall som del av ein idrettshall og vektløftarhall i tilknytning til ein idrettshall. Oppdatert informasjon om desse, reglar for leige og prisinformasjon finn dykk [her](#). Kommunen nyttar Aktiv-kommune som plattform for utleige av dei fleste idrettshallane i kommunen og det er ynskjeleg å få all leige av lokale i kommunen på same plattform.

Symjehallen i kommunen ligg som ein del av Førdehuset. Informasjon om opningstider, reglar og prisar ligg under sida for Førdehuset <https://fordehuset.no/symjehallen/>.

Oversikt over **uteanlegg**, inkludert 4 (snart 5) **dagsturhytter** eigd av kommunen og oppdatert informasjon om desse finn dykk [her](#)

Fleire idretts- og friluftsanlegg er eigd av kommunen og drifta av organisasjonar. Kommunen leiger ut areal til organisasjonar med avtaler om bruk til idrett og friluftsliv. Vi skal utarbeide ei oversikt og avtale feste drifta for å skape gjensidig einigheit.

Anleggsstrategi

Det er eit krav for tildeling av spelemidlar at ein har ei politisk vedteken prioritering av søknader. Prioritering skjer i handlingsprogrammet, som vert rullert kvart år. Dette arbeidet må vere slutført innan utgangen av kvart år. Frist for nye innspel er 1. september og frist for å søke spelemidlar 1. oktober.

Sunnfjord idrettsråd er høyringspart i saker som gjeld oppfølging av anleggstrategien. Samarbeidet er regulert etter avtale, utdrag frå avtalen:

Sunnfjord idrettsråd skal arbeide for best mogleg vilkår for idretten i kommunen og vere ein arena for samarbeid mellom laga og kommunale myndigheiter og mellom laga og Idrettskrinsen. Idrettsrådet skal vere Sunnfjord kommune sitt fagråd.

Krav til nye anlegg og rehabilitering av eksisterande:

- gje tilbod som manglar eller har mangelfull kapasitet.
- Universelt utforma der det er mogleg
- ta omsyn til klima, natur og miljø
- tilpassast omfanget av bruk/behov.
- vere mest mogleg samlokalisert og skape allsidige møtestadar.
- tilrettelegging for toppidrett/spesialidrett/særidrett skal vurderast.

Friluftsanlegg skal særleg:

- leggast til rette mest mogeleg skånsamt i naturen, og slik at ein tek vare på dei verdiane ein legg til rette for at folk skal kunne oppleve.
- Turveggar og «snarveggar» som knyter saman område for gåande/syklande skal prioriterast.

Prinsipp for prioritering

Mange eldre anlegg er i dårleg stand/slitte og det er difor viktig å prioritere desse framom å bygge nytt for at etterslepet av vedlikehald ikkje skal bli større. Det er også ynskjeleg å prioritere anlegg som er lokalisert ved skular og liknande fordi dei har høg bruk gjennom døgnet og året.

Prioritering av nye søknader skal vurderast etter følgande prinsipp:

1. Rehabilitering av eksisterande anlegg med høg aktivitet, der anlegg med krav om oppgradering etter lov og forskrift vert prioritert først.
2. Anlegg for eigenorganisert aktivitet, spesielt i skulane sine nærmiljø og friluftslivtiltak.
3. 3-årsregelen vil verte styrande for prioritering av ordinære anlegg, men ferdigstilling av større anlegg går før nye. Hovudanlegg går føre støtteanlegg.
4. Private ordinære anlegg skal som regel bli prioritert over kommunale anlegg. Unntaket er offentlege anlegg som har venta på utbetaling ein del år utover køordninga, eller der omsyna til punkt 1 og 2 vert vektlagd høgare.

Kommunen kan omprioritere mellom egne søknader ved ferdigstilling av anlegg.

Prioritering vert endeleg stadfesta ved søknad gjennom spelemiddelordninga ved godkjent søknad.

Forhold mellom idretten og kommunen

Eigarskap og drift av større idrett og friluftslivs anlegg i kommunen er ulikt løyst i utgangspunktet før samanslåing til Sunnfjord kommune. Tida etter samanslåing er nytta til å få kartlagt dei ulike eigar- og driftsmodellane som er nytta. Anlegga og behova er ulike og det er ikkje eit mål at alt skal driftast på same måte, men etter same likeverdsprinsipp.

Følgjande prinsipp gjeld for eventuelle driftsavtalar ved offentlege idrettsanlegg:

1. Like generelle vilkår skal gjelde, men med omsyn til lokale tilhøve og behov.
2. Avtalar kan gjelde vedlikehalds, drifts-, og tilsynsoppgåver, eller tilskot til dette.
3. Avtalar kan vurderast for offentlege anlegg, der private ikkje har driftsoppgåver i dag.
4. Private ordinære idrettsanlegg som vert nytta direkte av Sunnfjord kommune, som del av kommunens tenesteyting ved til dømes bruk som uteområde eller til kroppsøving, vurderast som eit leigeforhold, og må regulerast i form av eigne eventuelle leigeavtalar, uavhengig av anleggsstøtte.
5. Faste tilskotsavtalar må regulerast etter fastsette vilkår.
6. Alle avtalar må vurderast i høve lov om offentleg innkjøp.

Driftstilskot utover faste avtaler kan søkast gjennom kommunen sine Kultur og idrettsmidlar. Søknadsfrist er 1. mars kvart år. Drift av anlegg som tener eit større område enn berre for den lokale grenda vert prioritert.

Kjelder

- Illustrasjon, Gregory Idehen

Handlingsdel

